

SAK 54/17 REGION VIKEN, INNLEIANDE DRØFTING

Saksopplysning

Buskerud, Akershus og Østfold fylkeskommunar blir Viken fylkeskommune frå 1. januar 2020.

[Buskerud fylkesting handsama 28.11.2017:](#)

- PS 74/17 Regionreform - avgjørelser med bakgrunn i inndelingslovens § 25 mv
- PS 75/17 Valg av Buskeruds medlemmer til fellesnemnda og arbeidsutvalget for Viken fylkeskommune

I grunnlaget for fellesnemnda sitt [møte 8.12.2017](#) er det ein god del grunnlagsmateriale for vidare prosess.

Det er og oppretta eigen nettstad www.viken.no som gjev ein del informasjon.

I Hallingtinget si sak 16-16, innspel til arbeidet med etablering av region Viken vart det gjort slikt vedtak:

1. Hallingtinget er oppteken av Hallingdal sin rolle i ein ny region som omfattar Buskerud, Akershus og Østfold. Region Viken vil bli ein alt for stor region både i areal, folketal og næringsstruktur, der det frå Hallingdal si side er vanskeleg å sjå at dette blir ei funksjonelle eining.
2. Hallingdal vil bli ein ytterkant i ein ny stor region, der avstandane i mange samanhengar blir større. Dette gjeld både i forhold til geografi, politikk, by/distriktsproblematikk og næringsstruktur. Hallingtinget har forståing for at det er dei overordna grepa som har fokus no, samstundes kan det ikkje vera tvil om at type regionar som Hallingdal fort kan bli ein parentes i dette arbeidet, dersom det ikkje får eit særskilt fokus. Øvre Buskerud representera både utfordringa og store ressursar, som utan tvil vil kunne bli ei styrke i Viken. Hallingtinget er oppteken av at dette er problemstillingar som blir teke på alvor i det vidare arbeidet.
3. Det må takast omsyn til dei regionane/kommunane som ligg i det distriktpolitiske verkeområde. Det er ynskjeleg med:
 - Partnerskapsavtale tilsvarande det som er mellom Buskerud fylkeskommune og regionane i Buskerud i dag.
 - Det må vera ein tydeleg distriktpolitikk
 - Det må vera dedikerte medarbeidarar med lokalkunnskap
 - Det må vurderast distriktskontor (distriktpolitisk virkeområde) som har kompetanse i forhold til:
 - o Distriktpolitikk
 - o Reiseliv
 - o Fjellandbruk
4. For å få ein god start og best mogleg resultat i dei komande prosessar er det heilt avgjerande at kunnskap og moglegheiter om fjellregionane i Øvre Buskerud, blir lyfta inn i arbeidet. Hallingtinget ber om at det blir sett i gang eit arbeid, som ser på korleis ytterkantane i region Viken, med fokus på fjellområda, kan bli ein funksjonell del av Viken. Dette er eit arbeid Regionrådet for Hallingdal ynskjer å ta aktivt del i.

Syner og til regionrådet si [sak 41-16](#).

Vurdering

Valet er gjort og spørsmålet er no er m.a. korleis kan Hallingdal koma med innspel og påverke pågåande prosessar? Kva kan/vil Hallingdal vera i Viken?

For å nå fram trur dagleg leiar at det regionale samarbeidet blir svært viktig.

Hallingdal/Øvre Buskerud blir fjellregionen, utmarka, nasjonalparkar, fjellandbruket og ein svært stor del av reiselivet. På ein del områder blir me den «unike» eller spesielle, som ikkje er i konkurranse med andre, men der det trengs eigen fagkompetanse og forståing.

Ei av utfordringane kan vera at Buskerud har ei sterk forankring til dei ulike regionane m.a. via partnerskapet. Dette har ikkje Akershus og Østfold. Eg trur eit viktig grep vil vera å få Buskerud sin modell inn i Viken.

Som eit fyrste steg bør det etter dagleg leiar sitt syn etablerast eit eige prosjekt mellom Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal, som har som hovudmål å avklare Hallingdal sine mogelegheitar og utfordringar i Viken. Dette arbeidet vil kunne bli viktige bidrag inn i dei komande prosessar.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal invitera Buskerud fylkeskommune til å være med i et prosjekt som har som mål å klargjera Hallingdal sine mogeleheiter og utfordringar, i samband med prosess for etableringa av Viken fylkeskommune.

- Regionrådet for Hallingdal ynskjer ei politisk styringsgruppe representert med Regionrådet for Hallingdal og representantar fellesnemda til Buskerud fylkeskommune.
- Regionrådet for Hallingdal vil setja av administrative ressursar til arbeidet og håpar Buskerud fylkeskommune og kan gjera det same.
- Regionrådet for Hallingdal ynskjer at arbeidet kan setjast i gang snarast mogeleg.

Ål 10.12.2017

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar